– Man må spørre seg hva det egentlig er ved det gamle bygget som gjør at vi liker det? Det handler om skala, høyde, rytme, proporsjoner, materialbruk, farge.

– Hva kan det bety i praksis?

– Den første jobben jeg hadde etter studiene, var som assistent under utforminga av St. Olavs Hospital i Trondheim. Da hadde jeg gått hele utdanninga og lært masse om arkitekturhistorie og konstruksjon og materialer, men jeg hadde aldri tenkt over noe som var viktig i det prosjektet, nemlig omgivelsespsykologi. Man satte pasienten, mennesket, i sentrum.

– Hvordan da?

– Sykehuset er brutt ned i mindre enheter, det ligger sentralt og er lett å komme til og fra. Man har sørget for at fra hvert rom har man utsikt mot noe grønt og natur. Man har omfattende utsmykning med kunst, det vi kalte «visuelle vitaminer». Og materialbruk som skal gi en følelse av at man blir tatt vare på, også av arkitekturen. Naturmaterialer. Tegl. Tre. Mye grønt. Rennende vann. Vi brukte forskning som viser at tilgang på natur demper stress og senker blodtrykk. Å lære mer om slik forskning vil være med på å berike arkitekturen, og et mer utvikla psykologisk språk kunne være et element for å bedre kommunikasjonen med brukere og entreprenører.

Også når det gjelder Arkitekturopprøret, ser Eikseth etter «bakenforliggende behov»:

– Jeg er personlig enig i veldig mye av det som Arkitekturopprøret ønsker. Men jeg er helt uenig i ideen om at det finnes en arkitektonisk maktelite som undertrykker tradisjonell arkitektur.



Barbro Grude Eikseth trekker fram Pilestredet 77 som arkitektur hun mener kan gjøre både arkitekter og lekfolk glade.  
Foto: Ivar Kvaal / Aspelin Ramm

#### – Så hva er det egentlige problemet?

– Overalt ser vi eksempler på at bygninger løses billig og enkelt. Jeg tror det er det folk blir opprørt av. De ser at man sparer på gjennomføringa, det finnes ikke noe omsorg i detaljene.

Eikseth tar fram telefonen og viser fram bilder hun har tatt av en skole i Bærum. Hovedinngangen er en firkantet flate mellom firkantede bokser som ser ut som de er limt sammen. Og de er dekket av like firkantede vinduer dekket av hvite solskjermer.

– Den er jo ikke inviterende, akkurat.

Hun viser fram bilder av fasadeplater som er sprukket og ødelagt.  
– Se på dette, på en helt ny skole? Plater som ikke tåler noen ting. Det er sjokkerende.

#### – Hvorfor blir det sånn?

– Det absolutt største problemet, og det som ligger bak trøkket som Arkitekturopprøret har skapt, er at arkitektene ikke får fulgt ideene sine helt fram til realiseringa. Jeg ser jo at skolen har noen kvaliteter som det ligger tanker bak, for eksempel hvordan den er lagt i terrenget. Men så har det skjedd noe i prosessen.

#### – Hva da?

– For å få til god arkitektur må man ha en byggherre som ønsker kvalitet, som tilfører samfunnet opplevelser utover det rent pragmatiske. Man må ha en entreprenør som sikrer at arkitektenes intensjoner blir gjennomført. Men overalt i samfunnet er kvalitet og tid under press. Sånn som det er nå i byggebransjen, kan det ende med at arkitekten følger et prosjekt fram til et visst punkt, og så sier oppdragsgiveren stopp, vi trenger ikke arkitekten lenger. Dermed tar ingeniørene over, og de har ikke det samme kvalitetsblikket. Da ender det med at man bytter fra gode til dårlige materialer, og essensielle kvaliteter forsvinner.

#### – Og det er en realitet som studentene ikke er forberedt på?

– Jeg tror mange ferdigutdanna studenter opplever et «praksis-sjokk»: «Er det dette det handler om? Vi trodde at vi skulle lage fantastisk arkitektur, og så sitter vi bare bakerst i bussen og får ikke gjort så mye.»

Eikseth mener at det kan være interessant å lese Arkitekturopprøret som uttrykk for en sivilisasjonskritikk:

– At det handler om hvordan vi har rigget oss i dette samfunnet. Vi er ikke i middelalderbyen lenger, vi er ikke i det oversiktlige samfunnet. Ting er spesialisert og industrialisert. Byene er store, økonomien rår. Kanskje både byen og debatten er et bilde på hvordan samfunnet har utvikla seg. Og økonomien ... tomteprisene gjør jo at man må reise høye bygg for å maksimere investeringa.

#### – Du mener at kritikken tar form av et angrep mot en tenkt elite, en gruppe mennesker, mens sinnet egentlig springer ut av andre samfunnstrekk, som høye profittkrav og valg i reguleringene?

– Nettopp. At det blir dårlige omgivelser skyldes ofte økonomiske og politiske prosesser, som utøves av andre aktører enn arkitekter. Jeg har jobbet i kommunen og erfart at der er det veldig mye som handler om økonomi og effektivitet. De myke verdiene blir fort skviset ut. Da mister vi det som gir kvaliteten i hverdagen, det vi trenger som mennesker.

#### – Men løsninga er vel ikke bare å frskrive seg ansvaret?

– Det er viktig å jobbe fagpolitisk for arkitektenes stilling. Før jul kom et regjeringsinitiert innspillforum med råd om et «arkitektløft», der de blant annet foreslår større statlig ansvar og krav, og en funksjon som riksarkitekt. Om du får en sånn type trøkk fra det offentlige, som sildrer ned i systemet, da vil det bli lettere, da har faget en større plattform.

#### – Er det noe snakk om slike strukturelle trekk i akademien eller utdanninga?

– Det er et enormt samfunnsengasjement blant studentene. De vil gjøre verden bedre, og skape bærekraft. Men de trenger å trene mer på å forholde seg til samfunn og andre aktører i utdanninga, så de er tryggere på det når de kommer ut. Man skaper aldri arkitektur i et lukka rom. ●





# Famlande forhold til rasisme-ordet

Er norsk høyreekstremisme rasisme, eller politikk?  
Niandeklassingar på Vestlandet er usikre på  
kva dei skal leggje i rasisme-omgrepet.

TEKST: KJERSTIN GJENGEDÅL | FOTO: PAUL S. AMUNDSEN



Elevene fekk i oppgåve å kategorisere ei rekkje fotografi.



- FORSKAR:** Fredrik Stenhjem Hagen, stipendiat ved Høgskulen på Vestlandet
- PROSJEKT:** Korleis arbeider skulen med antirasisme, og korleis forstår elevane rasismeomgrepet?
- METODE:** openheit – å møte både empiri og teori med vilje til å forstå på dei eigne premiss er sentralt for å utvikle ny kunnskap
- UUNNVERLEG VERKTØY:** notatboka mi, utan den hadde det vore uråd å få noko gjort



**F**redrik Stenhjem Hagen har følgd elevane sine resonnement om kva som utgjer rasisme, på nært hald gjennom timevis med gruppediskusjonar ved utvalde ungdomsskular i Vestland. Diskusjonane utgjer datamaterialet i doktorgradsprosjektet hans ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Medan det finst ein god del forskning på mangfald og integrering i skulen, veit vi mindre om kva majoritetslevar tenkjer rundt rasisme-omgrepet. Hagen har teke fatt i dette ved hjelp av fokusgruppeintervju med niandeklassingar ved fire skular i Vestland. Målet var ikkje å kartleggje elevane sin kjennskap til eit førehandsdefinert rasismeomgrep, men heller finne ut korleis dei tenkjer.

– Eg hadde med meg foto av historiske og samtidige hendingar som kunne knytast til rasisme på eitt eller anna vis. Nokre gonger var ikkje samanhengen tydeleg, eg hadde til dømes eit foto av ein pride-festival. Kampen mot rasisme og kampen mot det heteronormative samfunnet er ofte nemnd i same andedrag både av dei som står i kampane, og av forskarar. Eg prøvde å finne eit mangfald av inngangar til temaet, seier han.

Elevane vart bedne om å ordne fotografa i kategoriar som dei bestemte sjølve. Så diskuterte dei kvifor dei kategoriserte bileta som dei gjorde. Ville dei til dømes kople antijødisk propaganda frå andre verdskrigen med muslimhets i dagens samfunn?

– Metoden kan vere problematisk fordi ein jo formar stoffet undervegs. Men det set i gang gode diskusjonar, og det liknar arbeidsmetodar elevane er kjende med frå skulekvardagen, seier Hagen.

– Intervju er ei vanskeleg form, det kan fort bli overflatisk dersom elevane først og fremst er opptekne av å finne det rette svaret. Eg ville prøve å kome inn i det tvitydige, det som er vanskeleg å setje ord på.

#### Er samehets rasisme?

Hagen har lærarmaster og arbeide i skulen

før han kom attende til HVL for å ta doktorgrad. At det vart eit prosjekt om antirasistisk undervising i skulen, heng saman med at regjeringa i 2016 lanserte ein handlingsplan mot antisemittisme. Med planen kom det forskingsmidlar.

– Eg hadde skrive masteroppgåve om undervising om holocaust, der eg intervjuar lærarar og studerte lærebøker. Der fann eg mellom anna at ein legg vel så mykje vekt på at historia om holocaust skal ha ein haldningsskapande effekt på elevane, som på at dei skal lære historisk informasjon som namn og datoar. Då handlingsplanen kom, oppfordra rettleiaren min meg om å søke midlar til eit doktorgradsprosjekt, fortel Hagen.

Gruppeintervjua synta at elevane har ei sterk oppfatning av at rasisme er ei alvorleg skuldning. Samtidig ber tolkingane deira preg av at dei i stor grad må finne ut av fenomenet på eiga hand, utan å bli utfordra og rettleia i undervisinga.

Tre moment peika seg ut gjennom diskusjonane, fortel Hagen: Elevane oppfatar rasisme som individuelle handlingar, dei oppfatar Noreg som eit post-rasistisk samfunn, og dei er usikre på kva det er som gjer at noko er rasistisk.

– Dei forstår typisk rasisme som kvit mot svart, eller tyskar mot jøde. Samstundes har dei fått med seg at samar blir utsette for diskriminering, men dei får det ikkje heilt til å passe, for samar er jo kvite i elevane sine augo.

Av same grunn tykte elevane det var vanskeleg å snakke om Anders Behring Breivik som rasist, fordi han er ein nordmann som drap andre nordmenn.

– Det passar ikkje inn i forståinga deira av rasisme, og dei vil gjerne at nokon skal kome og fortelje dei kva som er rett, seier Hagen.

#### Blinde for strukturar

Heller ikkje eit bilete av «Den nordiske motstandsbevegelsen» på marsj i Kristiansand viste rasisme, meinte elevane. Biletet vart tolka som eit uttrykk for politiske meininger som måtte forsvarast i lys av ytringsfridomen, men ikkje som rasisme, fordi dei ikkje viste rasistiske handlingar retta mot spesielle personar.

Eitt av fotografa Hagen hadde med seg, synta ein tiggjar ikledd burka, noko som opnar for eit mangfald av tolkingar kring samfunnsstrukturar og moglege årsaker til marginalisering.

– Ingen av elevane meinte at det hadde



– Elevane er blinde for at det kan finnast rasistiske strukturar, dei forstår rasisme som noko ein person gjer mot ein annan.

– I skuleforskning er ein ofte oppteken av styringsdokument og lærebøker, men eg ville få elevane i tale, seier Fredrik Stenhjem Hagen.



noko som helst med rasisme å gjere. Dei er blinde for at det kan finnast rasistiske strukturar, dei forstår rasisme som noko ein person gjer mot ein annan, fortel han.

I ein artikkel om korleis elevane oppfatar rasismeomgrepet, skildrar han diskusjonane rundt eit bilete av ein plakate med teksten «We want white tenants in our white community». Her tek elevane utgangspunkt i at segregerte nabolag er eit spørsmål om «nøytrale» storleikar som eigedomsprisar, og dermed ikkje kan kategoriserast som rasisme.

#### Usynleg identitet

Reint uavhengig av kva elevane tenkjer om det, har rasismeomgrepet utvikla seg med tida. Frå å handle om eit gruppehierarki basert på ideen om biologiske skilnader mellom menneske, har omgrepet byrja inkludere kultur og religion, som gjerne blir omtala som like grunnleggjande og uforanderlege eigenskapar ved menneske som hudfarge. Diskusjonane i klasseromma viste at elevane er klar over at rasisme kan handle om både «rase» og kultur, men utan at dette

gjer omgrepet klarare for dei.

– Dei forstår til dømes ikkje kva det eigentleg vil seie å vere jødisk, dei veit lite om historisk antisemittisme. Dei oppfatar det å vere jøde som ein identitet som kanskje var lett å kjenne att under krigen, men ikkje i dag, seier Hagen.

Elevane hadde vanskeleg for å forstå kvifor nokon skulle vilja forfølge eller diskriminere sjølv ikkje-religiøse jødar, for kva er det vel då som skil dei frå andre menneske?

– Det er vanskeleg for dei å overføre kunnskap om holocaust til rasisme i dag. Holocaust synest så ekstremt, så massivt, med

– Det er vanskeleg for ungdomane å overføre kunnskap om holocaust til rasisme i dag.



↑ Bokhylla på kontoret held førebels stand mot digitaliseringa.

➤ Kaffikoppen tener som påminning om at stipendperioden snart er ute.

← Hagen har analysert eit viktig dokument i skolens antirasistiske arbeid, rapporten «Det kan skje igjen».

→ – Intervjumaterialet har resultert i tre artiklar, og framleis kan ein gjere meir på det seinare, seier Fredrik Stenhjem Hagen.



så mange menneske involvert, at det ikkje er mogleg for dei å sjå likskapsdrag med dagens situasjon. Dei har vanskeleg for å skjønne at tyske soldatar kunne delta i det med mindre dei frykta for sine egne liv, seier Hagen.

### Lite rettleiing

Det gjer at han er i tvil om undervising om holocaust har potensial til å fungere som «vaksine» mot antisemittisme og rasisme i dagens samfunn, slik han meiner det eksisterer ei forventning om. Men at elevane er opptekne av rasisme, er tydeleg.

– Dei har gjerne anten opplevd det sjølve, eller kjenner nokon som har opplevd det. Men inntrykket mitt er at dei diskuterer mykje seg imellom, og får lite rettleiing av lærarane, seier han.

Ifølgje formålsparagrafen i opplæringslova, som vart oppdatert i 2009, skal skulen motarbeide alle former for diskriminering. Men kva det vil seie i praksis, er ikkje gitt. I 2010 avslørte NRK at antijødiske haldningar var utbreidde mellom muslimske skuleelevar i Oslo. Då oppnemnde Kunnskapsdepartementet ei arbeidsgruppe som skulle kome

med framlegg til korleis skulen kunne motarbeide antisemittisme og rasisme. Rapporten frå gruppa, *Det kan skje igjen* (2011), er den mest konkrete operasjonaliseringa vi har av den nye føremålsparagrafen, hevdar Hagen.

I rapporten heiter det at rasisme er eit særskilt fenomen som skil seg frå andre former for diskriminering, og at skulen skal motarbeide rasisme gjennom haldningsskapande arbeid. Samstundes viser tidlegare forskning at lærarar ofte vegrar seg for å gå djupt inn i kontroversielle tema i klasserommet.

– Den etablerte lesinga av rapporten *Det kan skje igjen* er at elevane skal setjast i stand til å motarbeide rasisme i den offentlege samtalen. Gruppeintervjua tyder på at det kan hende dei ikkje får tilstrekkeleg rettleiing til det, meiner Hagen.

### Trur Noreg er post-rasistisk

For elevane hadde ei tydeleg oppfatning av at dagens Noreg er eit samfunn som har gjort seg ferdig med rasisme.

– I den grad rasisme skjer i dag, så meiner dei at det er eit normbrot, som kjem av at dei involverte ikkje veit betre.

Hagen trur undervisinga om antirasisme har mykje å vinne på å ikkje vike unna dei kontroversielle diskusjonane i klasserommet.

– Elevane har jo desse diskusjonane uansett, så det ville vere bra å våge å ha dei i klasserommet sjølv om dei kan vere ubehagelege, i staden for å berre formidle overflatiske ting som at vi alle må vere vener. Niandeklassingane eg snakka med, har ikkje perfekt teoretisk forståing av kva rasisme er, men dei er i ein prosess med å bli vaksne, og det blir reflektert i diskusjonane og omgrepsforståinga deira.

Den neste artikkelen i prosjektet hans byggjer på det same materialet, men går djupare inn i korleis elevane forstår motivasjonen til dei som deltok i gjennomføringa av holocaust.

– Det er eit veldig fruktbart materiale som ein kan analysere frå ulike vinklar. Det er ikkje vanskeleg å få elevane i tale, og det er gjort lite forskning på majoritetslevar tidlegare. Rasisme er eit komplekst omgrep som er vanskeleg å fange opp med spørjeundersøkingar. Ein treng kvalitativ forskning for å studere det, seier han. ●





## 2021

- a) Kven fekk i desember prisen Årets namn i Akademia 2021?
- b) Kva var bakgrunnen for at Frankrike i september kalla heim ambassadørane sine frå USA og Australia?
- c) Kva dato trengde demonstrantar seg inn i den amerikanske Kongressen i eit angrep som førte til fem dødsfall?



FOTO: TYLER MERBLER CC BY 2.0

- d) Kva er namnet på den store tildelinga til tverrfaglege forskingsprosjekt som til sjøkk for mange forskarar ikkje kom med på statsbudsjettet for 2022?
- e) På kva slags vis vart mai prega av Måneskin?

## PSYKOLOGI

- a) Kva kallar vi effekten som i store trekk går ut på at folk overvurderer eigen prestasjon eller eigne evner på eit gitt felt – ein såkalla kognitiv bias eller tankefeil?
- b) I kva for andre land kan du ta ei klinisk psykologutdanning som er førehandsgodkjend av Helsedirektoratet?
- c) Kva kallar vi den retninga innan faget som er mindre oppteken av å granske medvitte og heller vil studere åtferda hos dyr og menneske?
- d) Kva for gresk ord tyder reinsing/lutring, er kjend frå Aristoteles' teoriar om korleis tragedien påverkar tilskodaren, og handlar i psykoanalysen om at underliggende konfliktstoff kjem fram i medvitte?
- e) Kven vart i 1931 Noregs første kvinnelege magister i psykologi, og seinare kjend også utanfor landets grenser som barnepsykolog og feminist?



FOTO: NASJONALBIBLIOTEKET, CC BY 2.0

## AUST-ASIATISK GEOGRAFI

- a) Kva heiter den sterkt omstridde gruppa av småøyer, bankar og rev i Sør-Kina-havet som seks land gjer heilt eller delvis krav på?

b) I kva for land heiter hovudstaden Naypyidaw (eller Nay Pyi Taw)?

- c) Kor finn vi ei demilitarisert sone som er snautt 250 km lang og 4 km brei?



- d) I 1996 fekk José Ramos-Horta og Carlos Belo Nobels fredspris, seks år før landet deira vart anerkjent som uavhengig stat. Kva for land er det tale om?
- e) Kva er Republikken Kina betre kjend som?

## VARIASJONAR AV OLAV

- a) Kven er dette?



FOTO: TORE SÆTRE / WIKIMEDIA

- b) Kva for post hadde noverande forskings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe i den raudgrøne regjeringa frå 2011 til 2013?
- c) Kva var Hanna Olava Winsnes (1789–1872) kjend som?
- d) I kva for fransk by – der mange norske ungdommar dei siste hundre åra har gått på Lycée Pierre Corneille – gjennomgjekk Olav den Heilage eit dåps- eller konfirmasjonsritual rundt år 1014?
- e) Kva heiter sosialdemokraten som i fjor avløyste Angela Merkel som tysk forbundskanslar?

FOTO: JOHANNES BARRE, IGGEL (ITALY), CC BY-SA 3.0

- a) Cecilie Hellesveit
- b) Ein broten avtale om kjøp av ubåtar, der Australia droppa Frankrike og valde USA
- c) 6. januar
- d) Fellesløft (eller Fellesløft IV)
- e) Måneskin er namnet på den italienske gruppa som vann Eurovisjonsfinalen

## 2021

- a) Dunning-Kruger-effekten
- b) Ingen
- c) Bævarisme
- d) Katarsis
- e) Åse Grude Skard

## PSYKOLOGI

- a) Spratly-øyene
- b) Myanmar
- c) På grensa mellom Nord- og Sør-Korea
- d) Aust-Timor (eller Timor-Leste)
- e) Taiwan

## SØRAUST-ASIATISK GEOGRAFI

## VARIASJONAR AV OLAV

- a) Ingrid Olava
- b) Olje- og energiminister
- c) Kokkebokforfattar
- d) Rouen
- e) Olaf Scholz

# – Det er et paradigmeskifte på vei

Karen O'Brien er opptatt av å tenke annerledes om klima og miljø.  
– Det handler ikke bare om hva vi gjør, men hvordan vi gjør det.

– Akkurat nå er jeg veldig opptatt av begrepet transformasjon og hvordan vi kan få til bærekraftig omstilling. Jeg tror det er et paradigmeskifte på vei, sier klimaforsker Karen O'Brien.

## – Det må du forklare?

– Det er mye spennende som skjer med de unge forskerne. De stiller andre spørsmål og har andre metoder. Jeg er spent på hvordan vi kan skape en ny fortelling om hvordan vi kan løse klima- og bærekraftsutfordringene, og ikke minst hvilken rolle du og jeg spiller.

## – Du forsker på hvordan klimaendringer påvirker samfunnet. Hva ser du på?

– Nå er jeg veldig opptatt av hvordan vi kan skalere løsninger. Overalt finnes det mange små løsninger, og mye skjer på lokalt nivå. Men hvordan kan vi få til endringer på globalt nivå, og hvordan kan vi forstå forholdet mellom lokalt og globalt? Hvis vi tar det vitenskapen sier, på alvor, så må vi endre oss raskt og dyp, på en måte vi aldri har gjort før.

## – Vet vi nok om dette?

– Vi har masse kunnskap, men vi har ikke integrert og tatt den i bruk. Mange mener teknologi er løsningen, andre er opptatt av endringer i bevissthet, økonomi eller kultur. Men ikke noe av dette er løsningen alene. Vi må se på dette i sammenheng, og på hvordan vi kan skape rettferdige og bærekraftige endringer.

## – Hva er ditt svar?

– Det handler om verdier, meninger og verdenssyn, og om system- og kulturrendringer. Vi må koble hva vi tenker, med hva vi gjør, og den indre delen med den ytre delen. Vi må kombinere teori med handling. Det tror jeg er viktig ettersom mange blir følelsesmessig påvirket av klimaendringer og tap av biologisk mangfold.



FOTO: UIO

### KAREN O'BRIEN

medlem i Forskerforbundet ved Universitetet i Oslo

**STILLING:** professor i samfunnsgeografi ved Universitetet i Oslo

**UTDANNING:** doktorgrad i geografi fra Pennsylvania State University

**KARRIEREMÅL:** bidra til mest mulig innvirkning på miljø og samfunn

## – Har vi lett for å glemme den indre delen?

– Ja, spesielt i global miljøforskning. Vi må se på bevissthet og psykologi og hvordan dette er koblet til politikk og makt. Det handler ikke bare om mer forskning, men om mer integrert forskning.

## – Boka di *You matter more than you think*, som kom i høst, er det dette den handler om?

– Fokuset er på paradigmer, og hvordan vi ser på sosiale endringer, og mennes-

kenes rolle. Jeg tror vi underestimerer vårt eget potensial til å skape store samfunnsendringer. Det er veldig lett å si at verden er fragmentert og polarisert – lykke til, liksom – men det er gammeldags tenkning. Resultatet er at vi separerer oss fra naturen.

## – Over til noen faste spørsmål. Hvilken bok har vært viktigst for ditt akademiske liv?

– Den jeg har lest flest ganger, er *Pedagogy of the oppressed* av Paulo Freire. Jeg har lest den med klimabrillet. Den har endret hvordan jeg ser på klimaproblemet, og hvordan vi kan takle det. Faren er at vi bare tilpasser oss det som kommer, i stedet for å stille spørsmål.

## – Hva ville du gjort som kunnskapsminister?

– Jeg ville deklartert en krise i utdanning. Hvis vi skal nå 2030-målene, må vi ha en stor dugnad. Jeg ville etablert en utdanning som hjelper folk til å se ting i et helhetlig perspektiv, for eksempel hvordan vi kan få til løsninger. Fra barneskole til etterutdanning, for det stopper ikke når vi er 25.

## – Hvordan vil du karakterisere kontoret ditt?

– Vanligvis bruker jeg hele byen til å jobbe: t-banen, frisøren, på kafé, i sofaen. Jeg har aldri sittet så mye på samme sted – hjemme – som jeg har gjort i løpet av årene med Zoom.

## – Hvor tenker du best?

– Når jeg skriver, spesielt med penn og papir. Da kommer tankene ut veldig lett.

✦ AV LINA CHRISTENSEN

# Om aldring og omsorgssvikt

Runar Bakkens perspektiver er viktige, men i denne boken er han sterkere som debattant enn som forsker.


*Memento mori* og så videre – alle skal dø. Det er ikke like ofte man tenker på at man også eldes, og hva det innebærer. Dosent emeritus Runar Bakken (70) har fra Universitetet i Sørøst-Norge skrevet om aldring og alderdom i en årrekke. Nå er han – ifølge seg selv – i ferd med å bli subjekt i eget arbeid.

*I løvens gap* tar utgangspunkt i Bakkens erfaringer, og har som hovedintensjon å øke folks forestillingsevne for hvordan det er å leve som gammel i Norge. Slik er boken relevant for alle, selv om målgruppen oppgis å være studenter og ansatte i helsetjenestene, samt helseledere og politikere.

Bakken skriver poengtert og personlig, og er en vital stemme i norsk offentlighet. Hans engasjement for eldres velferd og verdighet finner ofte veien til eksempelvis Morgenbladets spalter. Det er dog uklart hvordan Bakkens siste bokutgivelse skiller seg fra hans *Alle vil leve lenge, men ingen vil bli gamle*, som utkom på Fagbokforlaget i 2018. Bøkene har nokså lik struktur, trekker på mye av den samme litteraturen, og bruker flere av de samme casestudiene. Ett kapittel har identisk overskrift. Dette kunne utledet i en generell diskusjon rundt selvplagiat – gjenbruk av eget materiale uten forklaring eller selvsitering – men det får Cappelen Damm Akademisk og Fagbokforlaget ta seg imellom.

En generell diskusjon rundt metodiske valg i fagbøker kunne også vært på sin plass. Det finnes nemlig ingen forklaring på hvordan Bakkens egen empiri er innhentet eller analysert. Faktisk er ikke «metode» nevnt én eneste gang gjennom bokens 187 primærsider. *I løvens gap* bærer preg av å bygge på løse samtaler med eldre, eksplisitt konstruerte kasus, diskusjoner med studenter og sekundærlitteratur. Også utdrag og sitat fra kulturpersonligheter som Bjørn Eidsvåg, Anne B. Ragde og Dylan Thomas

**«I løvens gap bærer preg av å bygge på løse samtaler med eldre, eksplisitt konstruerte kasus, diskusjoner med studenter og sekundærlitteratur.»**



RUNAR BAKKEN

*I løvens gap – Om aldring og alderdom  
nå og i årene som kommer*

Cappelen Damm Akademisk, 2022  
206 sider

Veil. pris: kr 319

vies mye plass. Dette behøver ikke være problematisk, men gjør at *I løvens gap* oppleves mer som en debattbok enn et selvstendig forskningsarbeid. Bakken gir flere steder uttrykk for at det siste er tilfelle. Det første Bakken drøfter er aldring og helseulikhet. Her presenteres en håndfull aldringsteorier som kunne passet godt som pensum dersom gjengivelsene var grundigere. Mer interessant er det når klassebakgrunn og individualisert ansvar for helse diskuteres. Bakken benytter Pierre Bourdieus begrepsapparat når han beskriver arbeiderklassens motstand mot «helseatferdens firkløver» – «den livsstilshypotese som massemedier, helsepersonell og mange helseforskere har omfavnet og som hevdes å være av avgjørende betydning for folkehelsen: røyking, drikking, mosjon og kosthold». Det er engasjerende å lese Bakkens argumentasjonsrekke om at arbeiderklassens aversjon mot å «ape» etter kulturelitens sunne livsvaner kan forstås som en form

for integritetsbevarende motstand. Påstanden hadde vært enda mer interessant med empirisk belegg.

Bakken får uansett tydelig frem at folks helse påvirkes av mer enn (u)sunt konsum og kroppslig (in)aktivitet. En «klasseløs» forståelse om at helse primært handler om livsstilsvalg, overser for eksempel belastninger knyttet til arbeid, dårlige boforhold og lav inntekt. Det skisseres dog få løsninger på denne konkrete klasseproblematikken utover å respektere enkelte eldres konsum av pølser og pipe.

De videre kapitlene drøfter blant annet medikalisering (sykeliggjøring av alderdom), new public management, aldersdiskriminering og kjønnsproblematikk. Bakken er gjennomgående normativ i sin beskrivelse av disse temaene. Den argumenterende tonen virker tidvis unyansert. For eksempel skriver Bakken at helsemyndighetene «ikke opererer med at det er en vesensforskjell på å produsere lamper og å ivareta gamle mennesker».

Det oppleves likevel som forfriskende når Bakken blir konkret i å skissere løsninger, som å øke grunnlønnen for helsearbeidere til nivået for ansatte med tilsvarende utdanning i privat sektor, og å systematisk rekruttere flere menn i omsorgssektoren. Disse tre sidene utgjør en god kronikk.

Til slutt har Bakken inkludert tre kapitler som «titter inn i glasskula». De er bokens svakeste. To av dem trekker i stor grad på Lena Lindgrens *Ekko* (2021), mens kapittelet om selvbestemt død tildeles seks knappe sider. Halvparten vies til «Peder» – muligens en konstruert kasus – som siteres direkte. Det ville vært mer interessant om Bakken gikk i dialog med relevant litteratur, som Ole Martin Moens og Aksel Braanen Sterris *Aktiv dødshjelp – Etikk ved livets slutt* (2019). Den nevnte boken siteres, men bare for å fastslå at 75 prosent av Norges befolkning er positive til ulike former for eutanasi.

*I løvens gaps* bidrag er i all hovedsak et øyeblikksbilde av norsk eldreomsorg. Jeg tror at beslutningstagere har større nytte av å følge Bakken i avisspaltene enn av å lese denne boken.

AV TELLEF S. RAABE



# Teoretisk talt

En velskrevet bok, men de mange perspektivene på fenomenet dialog når sjelden inn til praksis.

HALLVARD J. FOSSHEIM  
*Dialog. En filosofisk tilnærming*  
Cappelen Damm Akademisk,  
2022  
208 sider  
Veil. pris: kr 329

Hallvard J. Fossheim, professor i filosofi ved Universitetet i Bergen, har skrevet boken han selv «gjørne ville hatt tilgjengelig da jeg først ble interessert i temaet dialog». Leseren trenger ingen forkunnskaper annet enn en interesse for dialog, men boken er også ment å være relevant for fag der dialogen er et viktig tema, «fra litteraturvitenskap til sykepleieutdanning».

Dialog blir i boken forstått på ulike måter, der dialogen er et filosofisk redskap for erkjennelse, til den konkrete, daglige talehandlingen i for eksempel omsorgsarbeid. Bokens første del er en god introduksjon til ulike filosofers tenkning, fra Platon og skolastikken til Bakhtin og Habermas. Ved å bruke dialogen som prisme klarer Fossheim å kontrastere eller sammenstille de ulike tenkerne lettfattelig og effektivt, selv om presentasjonene kanskje mangler litt dybde.

I bokens neste del bruker forfatteren dialogen som utgangspunkt for å diskutere temaene rasjonalitet, identitet, handling og omsorg – selv om det for meg blir ganske klart at denne delen kanskje aller mest handler om etikk. Temaet omsorg knyttes eksplisitt opp til *profesjonell* omsorg i betydningen profesjon og utdanning. Her gjøres dialogen til en grunnforutsetning for omsorgens *techné*, eller det praktiske håndverket som skal

utføres. Fossheim bruker det greske begrepsparet *eros/filia* (en oppslukt interesse for det edle vs. støttende velvilje) som utgangspunkt for å diskutere to ulike holdninger til en instrumentalisering av omsorgsarbeidet. På denne måten settes gjennomgangen av ulike tenkemåter fra bokens første del i spill med velskrevne filosoferinger rundt de ulike temaene. Men selv om diskusjonene er interessante, sitter jeg igjen med en følelse av at den har litt stor avstand til det praktiske virket: Det hele forblir litt for *tenkerisk*, om man vil.


For å understreke at tenkning om dialog ikke er et vestlig fenomen, gir Fossheim i bokens tredje del oss en innføring i ulike tradisjoner utenfor vår kultursfære, og skriver interessant om blant annet hinduisme, buddhisme og islam. Spesielt er delen om dialog og dialektikk i islam interessant, fordi den demonstrerer at den vestlige tradisjonen ikke står i noen hermeneutisk særstilling.

«Det hele forblir litt for tenkerisk, om man vil.»

Siste del av boken gir noen teoretiske og praktiske råd når det gjelder å forholde seg til offentlige og private ordskifter – et slags håndbok-etterord. Også dette er lett å lese.

Dessverre lider boken litt av at så mange forskjellige perspektiver på dialogen skal undersøkes og introduseres. På knappe 200 sider går dette på bekostning av dybden. Det beste eksempelet på det ligger kanskje allerede i bokens inngang: «Idealet for en filosofisk dialog», innleder Fossheim, «er at en del av påvirkningen er kognitiv. Det betyr at den på en eller annen måte angår verden, ikke bare subjektive opplevelser.» Jeg finner umiddelbart denne definisjonen på «kognitiv» litt vanskelig å forstå, og siden Fossheim ikke nevner kognisjon mer enn en håndfull ganger senere (og da i helt andre sammenhenger), blir et hovedpoeng i innledningen dessverre hengende litt i luften.

AV KJETIL VIKENE



# Kvinnene på Tegneskolen

Historien om den første generasjonen kvinnelige arkitekter og kunstvevere kunne gjerne hatt en høyere himmel over seg.

MATHILDE SPROVIN  
*Kunstvæversker og Arkitekter. Kvinner i estetiske fag omkring 1900*  
Dreyers forlag, 2022  
237 sider  
Veil. pris: kr 399

Når svenskene snakker om «sekelskiftet», mener de nesten alltid overgangen fra 1800- til 1900-tallet, som om det ikke finnes flere århundreskifter. Men ja, det var en tid da alt var i endring! Vi kan synes det går fort nå, men hvordan må det ikke ha kjentes den gangen, med alle de politiske, kulturelle og økonomiske omveltningene som fant sted da? Ikke minst fikk kvinner adgang til høyere utdanning. En håndfull av dem skulle utgjøre våre første kvinnelige arkitekter og «kunstvæversker».

For selv om arkitektur og kunstvev kan synes som to ulike paradegrener, hadde de et felles utgangspunkt: Tegneskolen i Kristiania, etablert i 1818, først bare for menn. En egen kvinneklass ble opprettet i 1874, og fra 1890-årene var klassene kjønnsblandet. Mathilde Sprovin, i dag avdelingsleder i Fortidsminneforeningen, skrev sin doktoravhandling innen arkitekturhistorie om nettopp Tegneskolen. I sin nye bok *Kunstvæversker og Arkitekter* er målet å si noe om «kvinnene og deres samtid». Den samtiden er det altså enormt mye å si om, og min største innvending mot Sprovins bok er at skildringen av dette samfunnet blir for magert og fragmentert. Ta det som et kompliment, forfatter: Skriv mer!



Et viktig kildemateriale for Sprovin er arkitekt Herman Major Schirmers etterlatte dagbøker. Han skulle bli vår første riksantikvar, men først var han lenge en viktig lærer ved Tegneskolen, og dermed en sentral mentor for mange av de kvinnelige pionerene. I dagbøkene forteller han blant annet om studieturene han tok studentene med på om sommeren. Men hva tenkte han egentlig om denne nye, unge generasjonen – kvinner og menn – som han var med på å utdanne? Det skulle jeg gjerne visst.

Et gjennomgående trekk ved Sprovins historiefortelling er at vi holder oss i det refererbare, det vil si i det biografiske og det konkrete. Forfatteren har strukturert historien rundt enkeltpersoner, først Schirmer, deretter den internasjonalt anerkjente kunstveveren Frida Hansen, som ved å etablere eget veveri og fargeri skulle være en viktig oppdragsgiver og mentor for mange kvinner. Deretter følger korte biografiske tekster om en rekke enkeltkvinner som ble arkitekter eller kunstvevere. Men slik blir det mange gjentakelser av – de ligner jo på hverandre, disse livene. Tidsmessig blir det veldig mange hopp fram og tilbake, og dermed blir det ikke så lett å faktisk se de ideologiske og samfunnsmessige endringene som finner sted. 1910-årene var tross alt noe annet enn 1890-årene.





Det finnes dessuten flere underfortellinger og spor her som forfatteren gjerne må følge ved neste anledning. For det første er det spenningen mellom den nasjonalt orienterte husflidsbevegelsen og internasjonalt orienterte kunsthåndverkere som Frida Hansen. For det andre er det Norsk kvinnesaksforenings – og i det hele tatt den første feministiske bevegelsens – betydning for utviklingen av en ny estetikk. Og så er det nok mange skeive livshistorier innbakt i beretningen om de kvinnelige pionerene, men de forsvinner i Sprovins fortelling.

Men det er en viktig og vakker bok, dette her, for all del! Den er da også rikt illustrert med nydelige arbeidsskisser og fotografier, og viser slik hvordan Tegneskolen satte spor.

AV SIRI LINDSTAD

Bestill  
tilgang på  
juridika.no

post  
@juridika.no



## Nye bøker på Juridika

På Juridika finner du Universitetsforlagets  
jusstidsskrifter, fagbøker og ajourførte  
lovkommentarer samlet på ett sted.

**Juridika**

 en tjeneste fra Universitetsforlaget

ALDRI ANNA ENN SPRÅK

# Ei kvalitetsspalte

Det er på tide å pirke i ordet «kvalitet».

«Kultur for kvalitet i høyere utdanning». «Konsentrasjon for kvalitet». «Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning.» Treng eg å seie meir? Ja, eg seier at kvalitet er eit høgfrekvent ord i språket om norsk forskning og høgare utdanning. I det fyrstnemnde dokumentet – ei stortingsmelding – er ordet i ulike former brukt 514 gonger.

– Kva er opphavet til ordet kvalitet?

**VÅGE:** Vi kan iallfall gå tilbake til den romerske politikaren og forfatteren Cicero. Han tok på seg å etablere eit latinsk omgrepsapparat i filosofi. Han gjekk til dei gamle grekarane som Platon og fann mellom anna ordet *poiôtēs* (i tydinga kva slags, kva natur), som han omsatte til *qualis*. Det har med eigenskapar å gjere, «beskaffenhet».

– Kvifor trur de ordet er så mykje brukt om forskning og utdanning?

**VÅGE:** Det gjeld ikkje berre desse felte. Kvalitet og kvalitetssikring gjennomsyrrer samfunnet. Eg trur det speglar ein samfunnstendens med styring, kontroll og standardar. I det innfløkte samfunnet i dag har tillitt fått ei mindre rolle, medan kvalitetskontroll har vorte avgjerande.

**KRISTIANSEN:** Eg har søkt på bruken av ordet i ulike former i basen til Nasjonalbiblioteket. Samansette ord som kvalitetskontroll og kvalitetssikring har vore i bruk alt før 1950, men talet på samansettingar etter 1950 har auka, og bruken av desse har blitt hyppigare. Eg vil tru det kjem av eit behov for å rangere nivå på mange område, til dømes byggekvalitet.

– I sektoren vår var 2003 eit sigerrikt år for ordet med kvalitetsreforma i høgare utdanning og etableringa av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (Nokut). Det må vel òg ha spreidd kvalitetsevangeliet?

**KRISTIANSEN:** Nokut er ikkje berre etablert for å vurdere om institusjonane har god nok kvalitet, men gode nok kvalitetssikringssystem. Universiteta og høgskulane må ha apparat for å kontrollere kvalitet. Dei må bruke ordet mykje sjølve.

– De koplar den auka bruken av ordet kvalitet til meir styring og kontroll. Er det òg uttrykk for eit engsteleg samfunn – eit samfunn med sykkelhjelm?

**VÅGE:** Samfunnet søkjer etter det føreseielege. Standard Norge (organisasjon som utviklar standardar/kvalitetskrav for blant anna bygg, journ. merk.) definerer kvalitet slik: «i hvilken grad en samling av iboende egenskaper ved et objekt oppfyller krav». Dette er ikkje ullent. Kan hende industri- og produksjonstankegang har smitta over på andre samfunnsområde som forskning og utdanning, med kontroll og kvalitetsomgrepet?

– Kvalitet har i mange samanhengar gått over frå å vere nøytralt om «beskaffenhet» til å tyde god kvalitet. Til dømes er ein «kvalitetsspelar» i fotball ein god spelar. Når kom denne forskuinga?

**VÅGE:** Kjeldene er usikre, men kan indikere at kvalitet alt på 1300-talet vart brukt i positiv forstand på språk som engelsk, fransk og tysk – til dømes om adelskap. På 1800-talet finn vi denne tydinga i norske ordbøker og framandordbøker òg. I Knud Knudsens ordbok frå 1881 og andre ordbøker frå denne tida tyder kvalitet «egenskap, beskaffenhet», men «godhet» og «særleg god» er òg lagt til.



**MARITA KRISTIANSEN** er språkforskar ved Universitetet i Bergen og leiar for Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning.



**OLE KRISTIAN VÅGE** er terminolog ved Nasjonalt senter for helsefagleg terminologi i Direktoratet for e-helse.

Her uttalar dei seg berre på vegner av seg sjølve.

Kva ord eller spørsmål bør vi ta opp i språkspalta?  
Send framlegg til [kjetil.brottveit@forskerforum.no](mailto:kjetil.brottveit@forskerforum.no).

– Er ikkje det ein tilsørande kvalitet (orsak) ved ordet? Ein kan seie utdanningskvalitet – utan å definere det – og vone at det gjev positive konnotasjonar?

**VÅGE:** Navlestrengen er iallfall kutta til etymologien for ordet, og det driv vidare utan at det er tydeleg på kva eigenskapar ein er ute etter når ein bruker det.

**KRISTIANSEN:** No framstår ordet som eit aksiom, altså noko som vert akseptert utan prov. Dermed vert ordet langt på veg ubrukeleg. «Vi skal sikre kvalitet i høgare utdanning» – kva skal vi då sikre?

– Kvifor skjer ei slik forskuing frå det nøytrale til det positive?

**KRISTIANSEN:** Kan det vere ei form for økonomisering? Det er lettare å seie til dømes «kvalitetsfilm», enn «film av god kvalitet». Kanskje vi òg snakkar mindre om det som ikkje når eit visst nivå – om det er fotballspelarar eller vin.

**VÅGE:** Dette vert rein spekulasjon, men kan det ha med marknadsføring i mellomalderen å gjere? Dersom ein skal selje noko, vil ein ynskje å framheve dei gode eigenskapane ved vara og heller teie om dei negative.

– At eit ord går over frå å vere nøytralt til å vere ladd på denne måten – heiter det noko?

**KRISTIANSEN:** Då må eg nok spørje nordistane.

Og det gjorde ho. Helge Dyvik, professor emeritus, gav meg lov til å sitere frå svaret han sende på e-post:

